

Oppdragsbrev frå Vestland fylkeskommune til Siva for 2020

Frå 1. januar 2020 har fylkeskommunane tatt over oppdragsgjevaransvaret for Innovasjon Noreg og Siva sine bedriftsretta ordningar Bedriftsnettverk, Mentortenenesta for gründerar, Landsdekkjande etablerartilskot, Næringshageprogrammet og Inkubasjonsprogrammet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), Nærings- og fiskeridepartementet og Kulturdepartementet. Midlane er samla i ei ny øyremerkt ordning under kap. 553, post 61. Tidlegare kap. 550, post 62 Bedriftsretta låne- og tilskuddsordningar i distrikta, er òg lagt inn i denne posten.

Den samla løyvinga på posten er i 2020 763,3 millionar kroner, der Vestland fylke er tildelt kr 99.377.000. Oppdragsbrevet frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet for 2020 opnar for at kvar fylkeskommune har høve til å nytte inntil kr 100 000 over posten til å dekkje kostnader fylkeskommunen har ved å utforme oppdrag og gjennomføre styringsdialog med Innovasjon Norge og Siva. Ramma er difor redusert med kr 100.000.

Totale midlar som vert overført til Siva frå Vestland fylkeskommune for 2020 er kr 23 800 000. Dette er kr 23 400 000 til næringshagane og inkubatorane i Vestland, samt kr 400 000 til eit to-årig prosjekt for Inunet, nettverket for næringshagane og inkubatorane i fylket.

Det er ein føresetnad at Siva har ansvaret for å sikre at midla vert brukt etter statsstøtteregelverket, og har ansvaret for å melde dette inn.

1. Overordna føringar

Dei regionale planane som ligg til grunn for prioriteringar i Vestland fylke er; Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020, som er forankra i Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane og Regional næringsplan for Hordaland. Denne forankringa gjeld fram til det er vedtatt ny regional planstrategi og nye regionale planar for Vestland.

Regionale utfordringar

Nye strukturar på region-, fylkes- og kommunenivå pregar Vestland. Det nye fylket og dei 43 kommunane i Vestland har ei viktig rolle når det gjeld tilrettelegging for lokalt nærings- og samfunnsliv. Det må no etablerast nye samarbeid, utviklast eit felles rammeverk, og leggjast til rette for gode, opne og føreseielege prosessar for nærings- og samfunnsutviklinga i Vestland fylke. I dette arbeidet er Vestland fylkeskommune gjeve ei sentral rolle, der samfunnsoppdraget er å setja strategisk retning, engasjere og samhandle for å utvikla gode tenester og eit framtidsetta Vestland. Visjonen er å vera nyskapande og berekraftig.

Vestland har ein sterk posisjon innan ei rekkje næringar med stor betydning for landet. Både havbruksnæringa og verftsindustrien har dobbel så høg sysselsettingsdel i Vestland som i landet som heilskap, og Vestland er berre slått av Rogaland i talet på sysselsette innan olje- og gassutvinning og tenester knytt til dette. Ingen fylke har heller fleire som jobbar med sjøfart og fiske og fangst. Vestland er Noregs største eksportfylke når ein ser på vareeksport. Reiselivsnæringa sin del av sysselsettinga er høgare i Vestland enn for landet som heilskap. Vestland har kring 6000 landbruksbedrifter, som er viktig for lokal sysselsetnad og busetnad. Vestland har òg store og tunge næringsklynger, som er ein del av Norwegian Innovation Clusters.

I NAV Vestland si omverdsanalyse for Vestland hausten 2019 vart det trekt fram følgjande hovudtrekk for utviklinga i det nye fylket:

Lågare fødselstal og lågare innvandring gjer at befolkninga aukar mindre enn tidlegare.

Vi er i stor grad avhengig av innvandring, både flyktingar og arbeidsinnvandrarakar, for å halde oppe folketalet. Dette gjeld særleg distriktkommunar. Om lag 30 % av arbeidsstyrken i Vestland arbeider i ein annan kommune enn heimkommunen.

Aukande sentralisering. Flyttemønster og pendlingsmønster går i stor grad frå distriktskommunar til regionsenter og byar.

Positiv utvikling i næringslivet, men mangel på arbeidskraft er eit aukande problem.

Helsesektoren, industri og bygg og anlegg er eksempel på næringar som er avhengige av utanlandsk arbeidskraft.

Det er venta befolkningsvekst i Vestland i neste tiårs periode også. Nedgangen i innvandringa gjer at den i stor grad vil være eit resultat av fødselsoverskotet. Vestland får ein aldrande befolkning i neste tiårs periode. Arbeidsstyrken vil auke i reine tall, men sysselsettingsdelen kan bli redusert. Ein stadig høgare del av arbeidsstyrken har høgare utdanning.

På bakgrunn av desse moglegheitene og utfordringane vurderer Vestland fylkeskommune det slik, at det er nødvendig med kompetente og solide næringshagar og inkubatorar i heile fylket, som kan vere med som motorar for utviklingsarbeidet i fylket. På grunn av langsiktig og hardt arbeid av næringshage- og inkubatoraktørane i Vestland, samt aktivt næringsliv, er no store delar av fylket dekkja av desse tenestene. Men det må alltid arbeidast med å sikre utvikling av nye lokasjonar basert på behova til næringslivet og regionane.

2. Oversikt over midlar stilt til disposisjon for 2020

Totale midlar som vert overført til Siva frå Vestland fylkeskommune for 2020 er kr 23 800 000. Midla er fordelt på den einskilde næringshage og inkubator på følgjande måte. Dette er basert på Siva sin eigen differensieringsprosess og vurderingskriterier.

Aktørar i programma	2020
Næringshagen på Voss	1 700 000
Gulen og Masfjorden Næringshage	1 700 000
Nordhordland Næringshage	1 400 000
Næringshagen i Hardanger	1 400 000
Sognefjord Næringshage	1 700 000
Stryn Næringshage (Nordfjord)	2 500 000
Atheno	2 000 000
Industriutvikling Vest	1 500 000
VIS	5 000 000
Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	3 000 000
Aksello	1 500 000
Inunet (skal fordeles på 2020 og 2021)	400 000
	23 800 000

Midlar til administrasjon og gjennomføring av oppdraget finansierast av KMD si overføring til Siva på kap. 553.61, på vegne av fylkeskommunane. KMD overfører i 2020 15,8 millionar kroner til administrasjon og gjennomføring av alle de regionale oppdraga til Siva. Ved risiko for at faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnader vil overstige berekna ressursbruk, skal Siva varsle fylkeskommunane om dette. Eventuell overstigande ressursbruk til formålet skal avklarast med fylkeskommunane og leggst til neste års administrasjons- og gjennomføringskostnader. Dersom Siva har ubrukne midlar til administrasjon og gjennomføring ved årets slutt, overførast dette til neste års oppdrag.

3. Regionale føringar og prioriteringar for Siva sin programaktivitet

Vestland fylkeskommune vurderer næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet som viktige verkemiddel for å lukkast med regionale og nasjonale mål for nærings- og lokalsamfunnsutvikling. Vestland ynskjer å bruke sitt regionale handlingsrom til å prioritere bruk av desse programma, og Siva sin kompetanse inn i vår regionale utvikling.

Observatørrolle i styra

Hordaland fylkeskommune har hatt ei aktiv rolle i forhold til næringshagane og inkubatorane, og har hatt ei observatørrolle i alle styra, samt deltatt på utviklingssamtalar mellom aktørane og Siva. Dette er ei rolle som Vestland fylkeskommune vil fortsetje å ha. Dette for å vere ein god samarbeidspart i utviklinga av aktørane, men òg no for å vere ein god oppdragsgjevar for Siva.

Inunet

I fleire år har Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Norge Hordaland lagt tilrette for Inunet, eit nettverk mellom næringshage- og inkubatoraktørane i fylket. Innovasjon Norge Hordaland/Vestland og Hordaland fylkeskommune deltek òg i nettverket. I 2018, som eit ledd i arbeidet for å bli eitt Vestland, vart aktørane i Sogn og Fjordane, samt Sogn og Fjordane fylkeskommune, invitert med inn i nettverket. Siva deltek òg i dette nettverket, med sin regionale representant. Det er ynskjeleg at Siva fortset å bruke ressursar på å delta i dette nettverket. I tillegg til midla som går direkte til aktørane i næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet, ynskjer Vestland fylkeskommune å satse vidare på Inunet. Difor vert det overført ein sum på kr 400 000 til eit to-årig prosjekt for Inunet, nettverket for næringshagane og inkubatorane i fylket. Midla skal brukast til felles kompetanseheving, nettverksbygging, deling og digitalisering av metodar i nettverket. Jamfør tidlegare Inunet-prosjekt. Det må presiserast at Inunet må levere søknad og rapport med plan for aktivitetar, budsjett, etc slik som i tidlegare prosjekt.

Innovasjonsstrukturprosjektet

Det er ynskjeleg at Siva deltek som observatør i innovasjonsstrukturprosjektet, som vart starta i tidlegare Sogn og Fjordane. Prosjektleiaren er Kunnskapsparken. Dette fordi prosjektet vart starta på bakgrunn av oppmodingar frå Siva, samt at forprosjektet vart med-finansiert av Siva. Vestland fylkeskommune deltek òg som observatørar i prosjektet. Prosjektet vert vurdert å vere viktig, for å utforske metodar for å styrke sårbare næringshagemiljø. Siva har stor kompetanse innan utvikling og styrking av næringshagane, og kan såleis vere ein sentral bidragsytar for å sikre gode og nyttige resultat.

Midlar direkte frå fylkeskommunen til næringshagane og inkubatorane

Vestland fylkeskommune gjer årleg støtte til sine aktørar i næringshage- og inkubasjonsprogrammet. Hordaland fylkeskommune har, etter søknad, vedteke partnerskapsmidlar for åra 2018 - 2020. 2020 vert siste året med denne modellen og summen. Det er òg, for året 2020, sett av midlar til aktørane i tidlegare Sogn og Fjordane. Inneverande år vert brukt til å finne ein ny modell for heile Vestland.

Oversikt over midlar frå Vestland fylkeskommune for 2020:

Aktørar i programma	Vestland 2020
Næringshagen på Voss	50 000
Gulen og Masfjorden Næringshage	50 000

Nordhordland Næringshage	50 000
Næringshagen i Hardanger	0
Sognefjord Næringshage	0
Stryn Næringshage (Nordfjord)	0
Atheno	600 000
Industriutvikling Vest	600 000
VIS	700 000
Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	1 100 000
Aksello	700 000
	4 150 000

4. Særskilt nasjonalt og regionalt utviklingsarbeid knytt til programma

Programperioden for Næringshageprogrammet og Inkubasjonsprogrammet er forlengd til ut 2022. Det inneber at programplanane for programma vert vidareført frå 2021, og ligg då faste i same perioden. For å sikre ein god prosess for utviklinga av nye programforslag, ber Vestland fylkeskommune Siva om å starte utgreiing av endringar og nye forslag. Revisjonen av programma skal skje i dialog mellom fylkeskommunane og verkemiddelaktørane, jf. retningslinjer for post 61. Departementet skal godkjenne programplanar for nye ordningar.

Sidan programperioden er forlenga, og fylkeskommunen forstår Siva sine behov og erfaringar med at det har vore utvikling og endringar hjå dei ulike aktørane, ser fylkeskommunen behovet for at det i 2020 vert gjennomført ein differensieringsprosess. Vestland fylkeskommune ber om at fylkeskommunane vert involvert og orientert om denne prosessen.

5. Koordineringsbehov

Årshjul for regional styringsdialog og felles styringsdialog vert lagt til grunn for dialog, budsjettinnspel, rapporteringsfrister og utbetalingsfrister.

I tillegg vert det forventa at Siva deltek på møta med den regionale partnerskapen, sjå under. Samt stiller seg til disposisjon for å delta i orienteringar om Siva for politiske organ i Vestland fylkeskommune.

6. Krav til dokumentasjon av resultat

Rapportering til fylkeskommunane baserer seg i hovudsak på Siva sitt mål- og resultatstyringssystem (MRS-indikatorar på resultat og effekt) og støttande analyser for rapportering på dei regionale oppdraga.

Siva skal i tillegg rapportere på særlege regionale prioriteringar og utarbeide fylkesvis statistikk på resultat og effektar. Siva skal rapportere fylkesvis for føregåande års oppdrag innan 1. mars kvart år.

7. Styringsdialog

Det er lagt opp til tre regionale styringsmøter i 2020 mellom Vestland fylkeskommune og Siva, jamfør årshjul for regional styringsdialog. Dette kan endre seg ved behov. Fylkeskommunen er ansvarleg for innkalling. Det er eit mål at på same dag som styringsmøta blir gjennomført, at ein

samlar den regionale partnerskapen Siva, Innovasjon Norge Vestland og Forskningsrådet til eit felles møte, jamfør partnerskapsavtalen.

Årshjul for regional styringsdialog og felles styringsdialog vert lagt til grunn for dialog, budsjettinnspel, rapporteringsfrister og utbetalingsfrister.

Siva skal sende budsjettinnspel på post 61 samla sett til alle fylkeskommunane innan 15. mars, med kopi til KMD. Forslaget drøftes i nasjonalt samarbeidsforum på våren.

Siva skal sende forslag til nye satsingar (landsdekkjande) under post 61 til fylkeskommunane innan 15. september, med kopi til KMD og NFD. Forslaget vert drøfta i nasjonalt samarbeidsforum på hausten.

8. Utbetaling av midla

Fylkeskommunen skal utbetale midla til Siva i to delar: ei forskotsutbetaling innan 1. februar og ei andre utbetaling i august. Forskotsutbetalinga er nødvendig for å unngå likviditetsutfordringar for næringshagane og inkubatorane (ved avvikling av programstøtte til en næringshage eller inkubator som følge av endringar i fylkeskommunane oppdrag til Siva, skal oppdragsgjeveren dekkje inntil et halvt års programtilskot til næringshagen eller inkubatoren etter at inngått avtale med operatøren er sagt opp, jamfør retningslinjer for post 61). Siva må i god tid før første utbetaling informere fylkeskommunen om kva bankkonto midla skal utbetalast, til slik at dette kan førast på oppdragsbrevet.